

## Saksprotokoll i fylkesvalstyret for Vestland - 30.08.2019

**Åshild Kjelsnes (A)** hadde gjeve melding om at ho byter dag med Roald Kvamme (A).

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** setter fram følgjande forslag:

Mona Røsvik Strømme 11., Bjørn Hollevik 12. og Nils Marton Aadland 13.

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette fram slikt forslag:

«Leiaren i fylkesvalstyret for Vestland får fullmakt til å finne vara dersom det er naudsynt.»

### Røysting

Prosjektlear sitt forslag med endringane som er sette fram vart samrøystes vedteke.  
Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Arbeidsutvala får fullmakt til å førebu fylkesvalstyret sin kontroll med gjennomføringa av fylkestingsvalet 2019 og i samband med det ta avgjerd i enkeltsaker og type av saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidde.
2. Fylkesvalstyret nemner opp følgjande arbeidsutval i samband med kontroll av gjennomføringa av fylkestingsvalet 2019:
  - a) Arbeidsutval onsdag 11.09.2019
    1. Åshild Kjelsnes (A)
    2. Bente Bondhus (SP)
    3. Pål Kårbø (Krf)
    4. Mona Røsvik Strømme (H)
    5. Roald Stenseide (Frp)
  - b) Arbeidsutval torsdag 12.09.2019
    1. Kari Sørensen Bernardini (A)
    2. Synnøve Solbakken (A)
    3. Sigurd Erlend Reksnes (SP)
    4. Bjørn Erik Hollevik (H)
    5. Tom Sverre Tomren (Krf)
  - c) Arbeidsutval fredag 13.09.2019
    1. Helge Nævdal (A)
    2. Roald Kvamme (A)
    3. Aud Karin Oen (SV)
    4. Nils Marton Aadland (H)
    5. Anne Beth Njærheim (V)
3. Fylkesrådmannen får mynde til å ta avgjerer ved prøving av røystesetlar i alle saker som er kurante. Fylkesrådmannen kan delegere mynde vidare.
4. Leiaren i fylkesvalstyret for Vestland får fullmakt til å til å finne vara dersom det er naudsynt.